

BOKN KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 28. mai 2015
Tid: kl. 17.00
Sted: Boknatun

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt.

Saker merka *Ikkje offentleg, jf off.l.*, blir berre sendt til dei som møter eller har møterett. Saks-kart vert lagt ut på kommunen si nettside og på sekretariatet si nettside www.kontrollutvalgene.no.

Rådmannen/økonomisjef er invitert/innkalla til å orientere i sak 8/15.

Sakliste:

6/15 Godkjenning av protokoll frå møte 26.02.15

7/15 Referat- og orienteringssaker 28.05.15

8/15 Årsrekneskapen 2014 – kontrollutvalet sin uttale

9/15 Rapport – selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS

10/15 Revisjonstenester 2016-2020 – konkurransegrunnlag

11/15 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2015

Eventuelt

Bokn/Aksdal, 21.05.15

Daghild Alvestad
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/innkalla)
varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.15	6/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.02.15

Vedlegg: Protokoll frå møte 26.02.15


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 26.02.15 følger vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.02.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 21.05.15



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Torsdag **26. februar 2015** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiding av utvalsleiar Daghild G. Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Daghild G. Alvestad (Sp), Olav L. Rossebø (H) og Christine Berge Christiansen (A)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltnings revisor Silje Sivertsen, Deloitte AS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Jan Erik Nygaard Kommunalsjef Ingunn Toft i sak 2/15 og 3/15
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 1/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20.11.14****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 20.11.14 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 26.02.15:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.02.15:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 20.11.14 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 2/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 26.02.15

1. Prestasjonsnivået v/Bokn skule og bruk av PPT-midler v/kommunalsjef
2. Kontroll og tilsyn – rekneskapstall 2014
3. Svarbrev om oppfølging av rapport etter tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap
4. Om skatteinntekter generelt i 2014 og på landsbasis
5. Årsrapport og skatterekneskapen 2014 - Skatteoppkrevjaren i Bokn
6. Fylkesmannen – informasjon om statleg tilsyn med kommunane i Rogaland 2015
7. NKRF si kontrollutvalskonferanse 2015 – evaluering
8. Deloitte si rapport om kontrollutval og kontrollutvalssekretariat
9. Statusrapport pr. februar 2015

Handsaming i kontrollutvalet 26.02.15:

Kommunalsjef viste på lysark prestasjonsnivået for 10. kl. gjennom fordeling av standpunkt-karakterane dei siste år, snittet i Rogaland og i landet innan ymse fag. Ho framheva at Bokn skule ligg over snittet i alle fag, med unnatak i faget naturfag. I elevundersøkingar skåra dei også bra. Fylkesmannen har varsla tilsyn til hausten og ho meinte dei alltid finn avvik.

Frå 01.01.15 er det inngått avtale med Karmøy om kjøp av PPT-teneste (tidligere Tysvær). Målet er mest effektiv bruk av spesialpedagogiske tiltak. Det har vore ein nedgang frå 12,3 % til 9,2 %. Det interkommunale prosjektet Haugalandsløftet har sett fokus på område som tilpassa opplæring i klassen og klasseleing, og ho var nøgd med det noe gode samarbeidet kommunane i mellom.

Ho orienterte også om tilsetting av ny rektor og inspektør og kommande prosess som følge av at skulen og barnehagen må nedbemanne frå hausten. Kommunalsjefen har etablert rutinar ved hjelp av andre kommunar som har vore gjennom det same. Utvalet peika på kor viktig det er å ha organisasjonane med i prosessen

Rådmannen orienterte om budsjettsituasjon, kor det frå administrasjonen var gjort kutt med 1,5 mill. i 2015 mot vedtak på 0,5 mill. Mellom anna er ein stilling hos rådmannen inndratt og avtalen med Haugaland Vekst IKS sagt opp. I åra framover må Bokn gjere fleire nedskjeringar for ikkje å komme på minussida.

Sekretær gjekk gjennom dei andre sakene. Utvalet var samd i at konferansen hadde vore interessant, men at tema rundt varsla kommunereform var ei politisk sak som ikkje hørde inn under kontrollutvala sitt område.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.02.15:

Referatsakene 1- 9 blir tatt til orientering.

SAK 3/15 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – « TILPASSING TIL SAMHANDLINGSREFORMA»

Sekretariatet si innstilling:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpassing til Samhandlingsreforma» og tek denne til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 26.02.15:

Silje Sivertsen frå Deloitte orienterte om rapporten og revisjonen sine vurderingar. Problemstillingane var knytte til korleis kommunen har tilpassa seg reforma og konsekvensane den har hatt for tenestetilbodet.

Rapporten gjer få tilrådingar, men peikar på at kommunen vil kunne få utfordringar innan pleie- og omsorgstenestene i åra framover som mangel på bemanna bustader tilpassa demente og avgrensa aktivitets- og avlastningstilbod til heimebuande. Ho peika på at kommunen hadde lite avviksrapportering, som kunne skuldast underrapportering og liten kultur for det. Avvik er å sette fokus på læring.

Rådmannen kom med kommentarar knytte til dei kommande økonomiske utfordringane og til planar for samarbeid for felles legevakt, HMS, ambulanse og brannberedskap. Utvalet var nøgd med rapporten og slutta seg til å gje rådmannen ei frist for tilbakemelding.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.02.15 og innstilling til kommunestyret:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpassing til Samhandlingsreforma» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 4/15 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2014

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2014.

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2014 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 26.02.15:

Utkastet blei gjennomgått og utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.02.15:

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2014.

Samrøystes innstilling til kommunestyret 26.02.15:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2014 til orientering.

SAK 4/15 VAL AV NYTT FORVALTNINGSPROSJEKT I 2015

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet til møtet i mai.

Handsaming i kontrollutvalet 26.02.15:

Utvalsleiar viste til samtale med kontrollutvalsutvalsleiar i Haugesund om kommande rapport om Haugaland Kraft AS og spørsmål om det kunne bli aktuelt å gå inn med meir ressursar i ein tilleggsrapport. Sekretær minna om at Bokn kommune sin del berre ville utgjere ein prosent, som var langt mindre enn dei timane som er lagt inn i budsjettet til «årleg» forvaltningsrevisjon.

Utvalet drøfta ulike tema, men var usikker og meinte dei trengte meir tid til å finne det rette prosjektet. Utvalet blei samd i å utsette saka til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.02.15:

Bokn kontrollutval utset val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste møte.

Eventuelt


Ingen saker meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til torsdag **28. mai** kl. 17.00. Årsrekneskap og revisor si revisjonsmelding vil bli lagd fram. Uttalen vil då følgje til formannskapet 9. juni og kommunestyret 17. juni.

Bokn, 26. februar 2015

Daghild G. Alvestad
Utvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.15	7/15
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.05.15**Vedlegg:**

10. Statusoversikt pr. mai 2015
11. Kst-vedtak 17.03.15, sak 3/15 – kontrollutvalet si årsmelding 2014
12. Kst-vedtak 17.03.15, sak 4/15 – rapport – forvaltningsrevisjon- Samhandlingsreforma
13. Kontrollrapport 2014 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen for Bokn kommune
14. «Kom godt ut av tilsyn» - fra Haugesunds Avis 24.03.15
15. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
16. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgavemelding
17. Representantskapsmøte 27.04.15 – Haugaland Kontrollutvalgssekr. IKS
18. Representantskapsmøte 18.05.15 – Krisesenter Vest IKS
19. Representantskapsmøte 20.05.15 – Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) IKS
20. Generalforsamling 01.06.15 – Haugaland Kraft AS
21. Representantskapsmøte 11.06.15, kl. 14.00 på Fitjar – Haugaland Vekst IKS
22. Generalforsamling 16.06.15 – Haugalandspakken AS

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.


SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsaker 10 - 22 blir tatt til orientering

Aksdal, 21.05.15

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



10

Kontrollutvalet i Bokn

Statusoversikt mai 2015

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Nytt prosjekt					
« Tilpassing til Samhandlingsreforma »	04.09.14, sak 18/14	70 timer		Desember 2014	Deloitte as
Selskapskontroller					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	04.09.14 Sak 15/14	4 timer (380 t.)	Ferdig	Februar 2015	Deloitte as
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
« Tilpassing til Samhandlingsreforma »	04.09.14, sak 8/14	26.02.15, sak 3/15	17.03.15, sak 4/15	6 måneder etter vedtak	
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	04.09.14, Sak 15/14	28.05.15, sak 9/15	16.06.15, sak	12 måneder etter vedtak	4 timer
Andre saker					
	-				

Avslutta prosjekter pr. mai

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Økonomisk sosialhjelp	21.05.13, sak 9/13	07.11.13, sak 22/13	17.12.13, sak 42/13		
Plan for forvaltningsrevisjon	12.09.12, sak 18	22.11.12, sak 22/12	18.12.12, sak 42/12	I 4- års perioden	
Selskapskontroll					
IKA Rogaland IKS	24.05.12 11/12	21.03.13, sak 5/13	18.06.13, sak 25/13	KST 17.12.13	
Plan for selskapskontroll	12.09.12, sak 17	12.09.12 sak 17/12	18.12.12, sak /12	I 4- års perioden	
Andre saker					

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

11
Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.03.15
Journalført: 15 / 1th
Arkivkode:

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.03.2015	003/15	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-065 Objekt:	Arkivsaknr 15/41
-----------------------------	--------------------------	---------------------

Kontrollutvalet si årsmelding for 2014.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	09.01.2015	Haugaland kontrollutvalgsekretariat	Sekretariatstjenester for kontrollutvalget - faktura for 2015
2	I	12.02.2015	Haugaland kontrollutvalgsekreteriat v/Toril Hallsjø	Innkalling - Bokn kontrollutval 26.02.15 kl 17.00
3	I	03.03.2015	Toril Hallsjø	Protokoll - Bokn kontrollutval 26.02.15
4	I	03.03.2015	Toril Hallsjø	Kontrollutvalet si årsmelding 2014 - kommunestyresak

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

KONTROLLUTVALET SI INNSTILLING :

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding for 2014 til orientering.

17.03.2015 KOMMUNESTYRET

KS-003/15 VEDTAK:

Kontrollutvalget si årsmelding vart samrøysta tatt til orientering.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.03.15
Journalført: 15/ H
Arkivkode:

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.03.2015	004/15	ITO

Saksansv.: Ingunn Toft	Arkiv: K1-216 Objekt:	Arkivsaknr 14/562
------------------------	--------------------------	----------------------

Rapport - Forvaltningsrevisjon Bokn kommune - Tilpassing av Samhandlingsreforma

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.10.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	FW: Oppstartsbrev Bokn samhandlingsreforma
2	U	30.10.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	Dokumentasjon som grunnlag for forvaltningsrevisjon samhandlingsreformen i Bokn kommune
3	I	30.10.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	RE: Dokumentasjon som grunnlag for forvaltningsrevisjon samhandlingsreformen i Bokn kommune
5	N	08.12.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	Intervjufref Samhandlingsref Andreassen, revidert 08.12.14
9	X	09.12.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	SV: Intervjufref Samhandlingsref Andreassen, revidert 08.12.14
4	N	09.12.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	SV: Intervjufref Samhandlingsref Andreassen, revidert 08.12.14
8	I	09.12.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	RE: Intervjufref Samhandlingsref Andreassen, revidert 08.12.14
7	I	11.12.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	Rapport etter forvaltningsrevisjon til verifisering og høyring
6	I	15.12.2014	Silje (NO - Bergen) Sivertsen	Rapportutkast Bokn kom samhandlingsreforma
10	I	03.03.2015	Toril Hallsjø	Rapport - Forvaltningsrevisjon Bokn kommune Tilpassing av Samhandlingsreforma

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bogn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpasning til Samhandlingsreforma» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sin tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

17.03.2015 KOMMUNESTYRET

KS-004/15 VEDTAK:

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.



Kommunestyret i Bokn kommune
Boknatun
5561 BOKN

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 18. 02. 15
Journalført: 157681/ha
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Bokn kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sin årsrapport:

Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013	Tal årsverk 2012
0,7	0,7	0,7

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Bokn kommune viser per 31. desember 2014 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 79 518 195 og uteståande restansar² på kr 691 336. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 19. januar 2015.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2014 for Bokn kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012	1,8	100,0	97,5	100,0	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2013	10,9	100,0	99,8	100,0	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2013	4,4	100,0	99,0	100,0	99,4
Forskotttrekk 2013	22,0	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2013	1,8	100,0	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2012	0,6	100,0	99,0	100,0	99,1

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Bokn kommune er tilslutta kontrollsamarbeidet Haugaland arbeidsgjevar-kontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2014 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2014	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utførte kontrollar 2012 (i %)	Utført kontroll 2014 region (i %)
25	1	2	8,0	3,7	6,5	4,6

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2014 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 24. og 25. juni 2014.

Skattekontoret har i 2014 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkreving*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkreivjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- *Arbeidsgjevarkontroll*


Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlinger i 2014 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 2. juli 2014.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Bokn kommune
- Skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
- Riksrevisjonen

Fra Haugesunds Avis 24.03.15

Kom godt ut av tilsyn

Haugaland Kraft framstår som et veldrevet selskap. Likevel er det forbedringspotensial på noen områder.

Hans Inge Ringodd [E-post](#)

Publisert 24.03.2015 kl. 08:47 Oppdatert 24.03.2015 kl. 08:47

HAUGESUND: Leder Torleif Lothe (V) i kontrollutvalget i Haugesund kommune gir en god attest til Haugaland kraft.

– Helhetsinntrykket er meget godt, sier Lothe.

Han skryter også av innstillingen til ledelsen i selskapet.

– Samarbeidet har vært godt, og ledelsen har vært positiv og imøtekommende på alle måter, sier Lothe.

Selskapskontrollen av Haugaland kraft AS og datterselskapet Haugaland Næringspark AS er gjennomført av Deloitte for kontrollutvalgene i eierkommunene Karmøy, Haugesund, Vindafjord, Tysvær, Sveio, Bokn og Utsira.

Kontrollen avdekket at Haugaland næringspark ikke oppfyller kravene i kommuneloven om kjønnsrepresentasjon i styret. Bare ett av fem styremedlemmer er en kvinne.

Kontrollutvalgene anbefaler også at Haugaland kraft gjennomfører en strukturert og helhetlig risikovurdering knyttet til økonomiske misligheter.

– Vi har kontrollrutiner, men disse er ikke satt i et helhetlig system, sier administrerende direktør Olav Linga.


Han opplyser at selskapet allerede har satt i gang arbeid for å forbedre de forholdene selskapskontrollen avdekket.

– Dette skal vi ha på plass i løpet av et par måneder, sier Linga.

Han er veldig positiv til at eierne jevnlig tar en skikkelig gjennomgang av energiselskapet, som har en årsomsetning på over en milliard

[Meny](#)[Logg ut](#)[Søk](#)

Andel kommuner i pluss og minus



■ Andel i pluss ■ Andel i minus

56 prosent av kommunene som har levert tall, hadde reelt sett en løpende drift i underskudd i fjor, viser Kommunal-Rapport.nos korrigering av netto driftsresultat.

Korrigert resultat: I minus utenfor Oslo

Korrigert netto driftsresultat var i minus i fjor for hele Kommune-Norge utenom Oslo. Det viser beregninger Kommunal-Rapport.no har gjort. Sjekk den reelle, underliggende driftsmarginen i din kommune her.

Av Ole Petter Pedersen 18. mars 2015 - 12:58

Liker

0

Tweet

3

Mandag meldte Statistisk sentralbyrå at kommunene fikk et netto driftsresultat på 1,3 prosent i fjor. Som Kommunal-Rapport.no fortalte da, utgjorde premieavvik på pensjon en stor andel av dette.

Vi har nå analysert regnskapsresultatene og laget et korrigert netto driftsresultat. Det

korrigerte resultatet skal i størst mulig grad ignorere tilfeldige regnskapstekniske svingninger og si noe om den faktiske, underliggende driftsøkonomien til kommunen.

Samlet for Kommune-Norge utenfor Oslo ble netto driftsresultat i de kommunene som har rapportert i tide, på minus 43 millioner kroner. Siden Oslo gikk litt i pluss, blir totalresultatet pluss 455 millioner kroner, eller 0,1 prosent av brutto driftsinntekter.

Slik har vi korrigert netto driftsresultat:

Korrigerings av netto driftsresultat

Vis linjer

Søk:

Post	Beløp	Kommentar
1. Netto driftsresultat	4987663	Fra Kostra. foreløpige tall
2. Minus premieavvik pensjon	-3601237	Denne summen kan ikke brukes til å finansiere løpende drift. den må nemlig utgiftsføres i årene som kommer. Fordi summen nesten alltid har gått i én retning (forbedret resultatet) i stedet for å gå i null over få år. er det en forstyrrende faktor som kunstig forbedrer netto driftsresultat
3. Minus avsetning til bundne fond	-4992450	Penger kommunen ikke kan bruke som den vil. i motsetning til et disposisjonsfond. Et "overskudd" på bundne fond ett år vil derfor bli til et underskudd et annet år.
4. Pluss bruk av bundne fond	4060943	En utgift kommunen har vært pålagt å ha i år. enten på grunn av overskudd på selvkosttjenester tidligere år. eller fordi øremerkede midler ble utbetalt året før i stedet.
5. Sum korrigert netto driftsresultat	454919	91 % av netto driftsresultat er borte som følge av korrigeringsen
6. Brutto driftsinntekter	379524915	Til og med 2013 har vi korrigert denne summen for momskompensasjon på investeringer (som kunstig øket omsetningsnivået).
7. Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0.1	Gir et mye bedre bilde på den reelle driftsøkonomien i Kommune-Norge. enn netto driftsresultat

Viser 1 til 7 av 7 linjer

Første Forrige 1 Neste Siste

Kraftkommuner topper – Olav Thon-kommunen på bunn

Det er kraftkommunene **Bremanger, Aukra, Bykle, Åseral, Øygarden, Eidfjord, Modalen, Suldal og Hattfjelldal** som fikk de beste driftsresultatene i fjor. Dårligst gikk det i **Hole, Kvæningen, Utsira, Lillesand, Vestre Slidre, Hadsel, Vestvågøy, Hobøl, Hol, Austrheim og Ørskog**. 66 kommuner mangler imidlertid økonomitall i de foreløpige Kostra-tallene. Tradisjonelt har de trege kommunene i snitt hatt dårligere resultater enn de som rekker tidsfristen som er satt for å levere regnskapstall.

Blant de store kommunene var det bare **Asker, Sandefjord, Drammen, Skien og Sandnes** som fikk et korrigert resultat over 1,75 prosent – som er den nye anbefalingen om resultatmargin fra Teknisk beregningsutvalg. Blant de store kommunene var det **Porsgrunn, Ålesund, Sarpsborg, Haugesund og Larvik** som fikk de svakeste korrigerte resultatene.

Bergen, Karmøy og Steinkjer er eksempler på kommuner som framstår med et lite, positivt netto driftsresultat – men hvis underliggende drift reelt sett går i minus. Til sammen er hele 113 kommuner i denne situasjonen. Det kan tilsynelatende se ut som om driften går i pluss – men i realiteten skyldes det bare regnskapsteknikk.

Seks av ti i minus

Nesten seks av ti kommuner som har levert data i tide til å komme med i den foreløpige publiseringen, har et negativt korrigert driftsresultat. Det er femte gang på åtte år at et flertall at kommunene har et reelt driftsunderskudd.

I den samme perioden har særlig premieavvik på pensjon og momskompensasjon på investeringer kunstig forbedret driftsinntektene. Fra og med i fjor forsvant investeringsmomsen fra driftsregnskapet, slik at det ikke lenger er mulig å bygge seg til overskudd i regnskapet.

I tillegg spiller bruk av og avsetning til bundne fond en betydelig rolle i enkeltkommuner. De fem siste årene har denne teknikaliteten samlet forbedret driftsresultatet med 3,2 milliarder kroner. Men dette "overskuddet" er penger kommunene må bruke senere, særlig knyttet til selvkostprosjekter – og som dermed vil gi negative utslag i framtidige regnskaper. Ved å fjerne både bruk av og avsetning til fond fra driftsresultatet, blir det i større grad mulig å sammenlikne år for år uten å måtte forklare spesielle år hvor selvkostregnskapet var langt fra null.

Korrigert netto driftsresultat 2013 og 2014

Vis linjer

Søk:

Knr	Kommune	Fylke	2013	2014	Rang 2014 (av 362)
101	Halden	Østfold	-5.3	-0.5	193

30 nye oppgaver

Regjeringen foreslår 30 nye oppgaver til kommunene i meldingen som ble lagt fram i dag. De største skal kunne overta videregående skoler og kollektivtransport.

Av Jan Inge Krossli

20. mars 2015 - 11:48

Kommunal Rapport (Oppdatert: 20. mars 2015 - 13:41)

Kommunalminister Jan Tore Sanner (H) la i dag fram kommunereformens lenge etterspurte oppgavemelding. Statsminister Erna Solberg (H) deltok på pressekonferansen, og viste hvor viktig reformen er for regjeringen.

– Bedre tjenester og mer lokaldemokrati er en av denne regjeringens viktigste satsinger. Det er bakgrunnen for kommunereformen og de forslagene vi fremmer i dag, sa Solberg.

Hun mener det har skjedd en svekking av lokaldemokratiet, og at det derfor er viktig å føre oppgaver og makt tilbake til kommunene.

– Dette vil være den største samlede flyttingen av oppgaver til kommunene noensinne. Vi går fra sentralisering og detaljstyring til desentralisering og maktspredning, sa Sanner.

Han fastslår at generalistkommuneprinsippet ligger fast, men regjeringen foreslår både at de største kommunene kan få ansvaret for flere oppgaver og de minste for færre.

Videregående og kollektivtransport

Regjeringen foreslår at storbyområdene kan overta fylkeskommunenes ansvar for videregående opplæring og for kollektivtransport. Dette er i tråd med ekspertutvalgets forslag.

– Men det er ingen automatikk i at storbyområdene får disse oppgavene. Ekspertutvalget la to klare forutsetninger. De må ha nødvendig kapasitet og kompetanse til å løse oppgaven, og det må være et likeverdig tilbud i resten av fylket, sa Sanner.

De største kommunene må søke om å overta disse oppgavene, og så vil det bli gjort en vurdering for hver enkelt kommune. For å overta kollektivtransport må kommunen utgjøre en felles bolig-, arbeids- og serviceregion. De kommunene som overtar videregående opplæring og kollektivtransport kan også overta skoleskyss, foreslår regjeringen.

De viktigste oppgavene

Noen oppgaver foreslås flyttet gjennom kommunereformen. Åtte oppgaver skal utredes nærmere, mens det settes i gang forsøk på to viktige områder.

Regjeringen vil sette i gang en forsøksordning med å overføre driftsansvaret for Distriktpsikiatriske sentre (DPS) til kommuner som har god nok kompetanse og kapasitet. Fra 2016 skal det settes i gang forsøk med å gi kommuner utvidet ansvar for barnevern. Barneministeren skal våren 2017 legge fram et forslag om ny oppgavefordelingen mellom stat og kommune i barnevernet.

Andre velferdsoppgaver av en viss størrelse som regjeringen foreslår å overføre, eller skal utrede å overføre, til kommunene er tannhelse, rehabilitering, familievern og varig tilrettelagt arbeid.

14 oppgaver under tittelen «lokal utvikling» foreslås overført til kommunene. Mange av disse vil gi kommunene økt myndighet over arealplanleggingen. Lokal nærings- og samfunnsutvikling skal bli kommunalt ansvar, og flere tilskuddsordninger.

– Innbyggerne vil beholde individuelle rettigheter selv om oppgavene flyttes. Og til ordførerne: Det følger penger med oppgavene, beroliget Sanner.

Fylkeskommunene inn i reformen

Regjeringen foreslår å invitere fylkeskommunene inn i kommunereformen, slik at det regionale nivået utvikles i takt med endringer i kommunestrukturen.

Regjeringen foreslår at fylkeskommunene sommeren 2015 starter den samme nabopraten som kommunene ble oppfordret til i fjor høst, med sikte på å avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabofylker. Fylkene får frist til høsten 2016 med å melde tilbake. Fylkesgrensene vil kunne vurderes sammen med kommunegrensene våren 2017.

Regjeringen foreslår en helhetlig gjennomgang av den statlige styringen av kommunene. Den skal legges fram for Stortinget i 2017. Oppgavemeldingen inneholder noen konkrete forslag til å begrense statlig detaljstyring. Blant annet skal Kostra-rapporteringen forenkles, og kravet om skolefaglig kompetanse i kommuneadministrasjonen oppheves.

FAKTA

Regjeringen foreslår å overføre ansvaret for følgende oppgaver til kommunene:

- * Tannhelse
- * Rehabilitering
- * Basishjelpemidler
- * Distriktpsikiatriske sentre (DPS) (forsøk)
- * Barnevern
- * Familievern
- * Boligtilskudd
- * Varig tilrettelagt arbeid
- * Arbeids- og utdanningsreiser
- * Finansiering pasienttransport
- * Tilskudd frivillighetssentraler
- * Forenkling av utmarksforvaltning
- * Motorferdsel
- * Lokal nærings- og samfunnsutvikling
- * Større handlingsrom i plan- og byggesaker
- * Tilskudd nærings- og miljøtiltak i skogbruk
- * Tilskudd beite, jordbruk, verdensarv
- * Konesjonsbehandling, småkraftverk
- * Enkeltutslippstillatelser, forurensingslov
- * Naturforvaltning
- * Det åpnes for at storbyene kan ta over ansvaret for videregående skoler og for kollektivtrafikken under bestemte forutsetninger

(©NTB)

PROTOKOLL

Måndag 27. april 2015 blei det halde møte i representantskapet for **Haugaland Kontroll-utvalgssekretariat IKS**. Møtet blei leia av representantskapsleiar Aasmund Austerheim.

MØTESTART / MØTESLUTT	kl. 18.00 – kl. 18.45
MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantinen
REPRESENTANTAR SOM MØTTE:	Aasmund Austerheim , Tysvær kommune Per Fatland , Vindafjord kommune Ståle Tungesvik , Etne kommune Håkon Skimmeland , Sveio kommune Tor Erling Skare , Utsira kommune
MØTANDE VARA-REPRESENTANTAR:	Mariann Aksdal , Haugesund kommune Berit Myrland , Suldal kommune Sonja Mikkelsen , Bokn kommune
FORFALL:	Astri Furumo , Haugesund kommune Sverre Underbakke , Suldal kommune Johannes Nilssen , Bokn kommune Marianne Kvilhaug Svendsen , Karmøy kommune og vararepresentant Turid Aune, Karmøy kommune Egil Bakke , Sauda kommune og vararepresentant Stian Bjørheim, Sauda kommune
ANDRE SOM MØTTE:	Styreleiar Arne Gjerde dagleg leiar Toril Hallsjø

Då selskapet har vore i drift i **10 år**, hadde styret invitert tidlegare tilsette, styremedlemmer, dei oppdragsansvarlege revisorane og ordførar i Tysvær kommune til eit sosialt samvær etter møtet. Det var møtt fram 12 gjestar og dei var til stades under representantskapsmøtet.

FØLGENDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

DAGLEG LEIAR SITT FRAMLEGG:

Innkalling og saksliste for representantskapsmøte 27.04.15 blir godkjent.

Handsaming i møte 28.04.15:

8 av 10 kommunar var representert, då vararepresentanten til Sauda meldte forfall same dag. Elles ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og saksliste for representantskapsmøte 27.04.15 blir godkjent.

SAK 2/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.04.14

DAGLEG LEIAR SITT FRAMLEGG:

Protokollen frå representantskapsmøte 28.04.14 blir godkjent.

Handsaming i møte 27.04.15:

Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Protokollen frå representantskapsmøte 28.04.14 blir godkjent.

SAK 3/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

1. Etiske retningslinjer for HKS IKS – vedtatt av styret 18.09.14, sak 20/14
2. Svar på søknad om skattefritak for selskapet, dagsett 15.01.15
3. Eierskap i selskaper – Karmøy kommunes brev av 21.01.15
4. Forslag til endring av IKS-lova – KS sitt høyringssvar
5. Styret si eignevaluering av styrearbeidet i perioden 2012-2014
6. Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat - om Deloitte sin rapport

Handsaming i møte 27.04.15:

Dagleg leiar orienterte. Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Referatsakene 1-6 blir tatt til orientering.

SAK 4/15 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2014

STYRET SITT FRAMLEGG:

Årsrekneskapen for 2014 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 62 578. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

Handsaming i møte 27.04.15:

Dagleg leiar gjorde greie for rekneskapstala og grunn for overskotet. Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Årsrekneskapen for 2014 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 62 578. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

SAK 5/15 GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG ÅRSMELDING 2014

STYRET SITT FRAMLEGG:

Styret si melding og årsmelding 2014 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

Handsaming i møte 27.04.15:

Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Styret si melding og årsmelding 2014 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 6/15 BUDSJETT 2016

STYRET SITT FRAMLEGG:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2016 slik det er lagt fram av styret:

Inntekter 2016		Utgifter 2016	
Tilskudd	1.864.000	Lønn- og sosiale utgifter	1.593.000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	271.000
Inntekter totalt	1.864.000	Utgifter totalt	1.864.000
Resultat	0		0

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, her under å disponera meirinntekter eller mindretgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka utover representantskapet sitt vedtak.

Eigartilskot frå eigarkommunane i 2016 vert følgjande:

Deltakarkommune	kontingent
Karmøy kommune	337.000
Haugesund kommune	337.000
Tysvær kommune	177.000
Vindafjord kommune	177.000
Sveio kommune	159.000
Sauda kommune	159.000
Etne kommune	159.000
Suldal kommune	159.000
Bokn kommune	104.000
Utsira kommune	96.000

Handsaming i møte 27.04.15:

Dagleg leiar orienterte og gjorde merksam på at lovendring i IKS-lova gjer at budsjettet er endeleg når det er vedteken av representantskapet, dvs. ikkje må vente på kommunestyra sine budsjettvedtak.

Det kom spørsmål knytte til selskapet si pensjonsordning og om selskapet si likviditet og eigenkapital. Dagleg leiar svara at styret har drøfta oppretting av eige pensjonsfond for dei kommande pensjonsforpliktingane. Representantane hadde elles ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2016 slik det er lagt fram av styret:

<i>Inntekter 2016</i>		<i>Utgifter 2016</i>	
<i>Tilskudd</i>	<i>1.864.000</i>	<i>Lønn- og sosiale utgifter</i>	<i>1.593.000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>-</i>	<i>Driftsutgifter</i>	<i>271.000</i>
<i>Inntekter totalt</i>	<i>1.864.000</i>	<i>Utgifter totalt</i>	<i>1.864.000</i>
<i>Resultat</i>	<i>0</i>		<i>0</i>

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, her under å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka utover representantskapet sitt vedtak.

Eigartilskot frå eigarkommunane i 2016 vert følgjande:

<i>Deltakarkommune</i>	<i>kontingent</i>
<i>Karmøy kommune</i>	<i>337.000</i>
<i>Haugesund kommune</i>	<i>337.000</i>
<i>Tysvær kommune</i>	<i>177.000</i>
<i>Vindafjord kommune</i>	<i>177.000</i>
<i>Sveio kommune</i>	<i>159.000</i>
<i>Sauda kommune</i>	<i>159.000</i>
<i>Etne kommune</i>	<i>159.000</i>
<i>Suldal kommune</i>	<i>159.000</i>
<i>Bokn kommune</i>	<i>104.000</i>
<i>Utsira kommune</i>	<i>96.000</i>

SAK 7 /15 ØKONOMIPLAN 2016-2019**STYRET SITT FRAMLEGG:**

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2016-2019:

	2016	2017	2018	2019
Inntekter:				
Tilskudd	1.864.000	1.957.000	2.035.000	2.116.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	1.864.000	1.957.000	2.035.000	2.116.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1.593.000	1.674.000	1.741.000	1.811.000
Driftsutgifter	271.000	283.000	294.000	305.000
Totalt	1.864.000	1.957.000	2.035.000	2.116.000
Resultat	0	0	0	0

Handsaming i møte 28.04.14:

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for at det er lagt inn auka pensjonsutgifter frå og med 2017 og auka tilskot til IKA IKS som følgje av avtale om leige/bygging av nytt bygg. Elles ingen merknader. Representantane slutta seg til styret si innstilling.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2016-2019:

	2016	2017	2018	2019
Inntekter:				
Tilskudd	1.864.000	1.957.000	2.035.000	2.116.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	1.864.000	1.957.000	2.035.000	2.116.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1.593.000	1.674.000	1.741.000	1.811.000
Driftsutgifter	271.000	283.000	294.000	305.000
Totalt	1.864.000	1.957.000	2.035.000	2.116.000
Resultat	0	0	0	0

SAK 8/15 BRUKARUNDERSØKINGA 2015

STYRET SITT FRAMLEGG:

Brukarundersøkinga 2015 til Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS si vert tatt til orientering.

Styret og representantskapet merkar seg følgjande:

«Sekretariatet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar. Som ei forbetring kan det trekkjast fram at sekretariatet kan bli betre kjent utad som ledd i å styrke kommunane sitt kontroll- og tilsynsansvar. Blant fleire tiltak som vil bli tatt tak i, vil ein tilrå personleg besøk til nye ordførarar, rådmenn, sekretariatsleiarar for å informere om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet.»

Handsaming i møte 27.04.15:

Att: Kontrollutvalget
Kopi: Rådmann

Revisjonsrapport nr 3
(journalføres)

REVISJONSRAPPORT FOR ÅRSREGNSKAPET 2013

Vi er nå i ferd med å avslutte revisjonen av årsregnskapet for Bokn Kommune for 2014. Vi vil i denne forbindelse knytte noen kommentarer til vårt arbeid og det fremlagte årsregnskap. Revisjonsrapportens formål er å gi en oppsummering av vesentlige forhold som vi er blitt kjent med i løpet av revisjonen.

I vår revisjon har vi gjennomført de revisjonshandlinger vi har ansett nødvendig for å få bekreftet at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler.

Etter vår mening har samarbeidet med kommunens ledelse og øvrig personale vært godt. Vi har fått den assistanse og de opplysninger vi har bedt om.

Kommunens ledelse er ansvarlig for å etablere og opprettholde en tilfredsstillende intern kontroll, herunder sørge for at regnskapsføringen er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på betryggende måte.

Vi gjør oppmerksom på at vår gjennomgang av den interne kontroll er begrenset til den gjennomgang vi er pliktige til å utføre iht. god revisjonsskikk.

Vi konstaterer at det spesielt i forbindelse med ferieavvikling, er vanskelig å få til en tilfredsstillende arbeidsdeling i en liten kommune med få ansatte i økonomiavdelingen. Vi anbefaler at risikoen knyttet til manglende arbeidsdeling gjennomgås, og at det etableres kompenserende kontroller for å redusere risikoen for misligheter og feil.

Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på noen utvalgte regnskapsområder kartlagt og testet om vesentlige interne kontroller har fungert i heile regnskapsperioden. I tillegg har vi

benyttet analyser og kontrolltester som grunnlag for å vurdere kvaliteten på regnskapet. Videre har vi utført kontroll av vesentlige inntekts- og kostnadsposter i regnskapet. Vi har ikke avdekket forhold som var av en slik karakter eller størrelse at de fører til usikkerhet knyttet til det fremlagte årsregnskapet.

Revisjonen av årsoppgjøret

Ved vår revisjon av årsoppgjøret har vi lagt vekt på kontroll av fullstendighet av inntekter og gjeld, og gyldighet av eiendeler og kostnader.

Dokumentasjonen på årsregnskapet som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillende kvalitet.

Vi har ved våre revisjonshandlinger ikke funnet vesentlige formelle eller materielle feil i det fremlagte regnskap som ikke er korrigert i det endelige regnskapet.

Bokføringsloven og dokumentasjon av regnskapet

Bokføringsloven (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskriften (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) ble fra 1. januar 2011 gjeldende for kommuner og fylkeskommuner, samt kommunale og fylkeskommunale selskap. Det betyr at disse må følge alle reglene i bokføringsloven § 2 til § 14. Videre må bokføringsforskriften kapittel 2 til 7 følges.

Bokføringslova med forskrifter inneholder enkelte nye krav samt viderefører en rekke krav fra tidligere lover og forskrifter. På flere områder betyr loven en innstramming jamført med tidligere praksis. Bokføringsloven § 4 gir 10 grunnleggende bokføringsprinsipp som skal følges.

Ved utarbeiding av årsregnskap skal det etter bokføringsloven § 11 være dokumentasjon av alle balanseposter i regnskapet uten de som er ubetydelige.

Generelt er det fremlagt tilfredsstillende dokumentasjon på balanseposter, men på enkeltområder er det fortsatt forbedringspotensial vedrørende kvalitet på dokumentasjonen.

Anleggsregister

Revisor har ikke mottatt oppdatert anleggsregister, og informasjonen i note 12 Anleggsmidler, er heller ikke dekkende for balanseførte verdier. Verdiene spesifisert i note bare dekker om lag 50% av totale bokføre verdier. Noteinformasjonen omfatter totale avskrivninger på ca kr 2,7 mill, dvs at halvparten av kommunens anleggsaktiva ikke avskrives.

Vi ber om at det pr 31.12.2015 foreligger et oppdatert anleggsregister og anbefaler at det gjøres en ny vurdering av ikke avskrivbare driftsmidler.

Investeringsregnskap

Det er fortsatt betydelige avvik mellom regnskap og budsjett i investeringsregnskapet. Vi har fått opplyst at dette skyldes at prosjekter går over flere år og resterende midler er satt på fond og brukt til å finansiere forbruket kommende år uten at dette er reflektert i budsjettet.

Revisjonen minner om at det i 2011 kom en ny veileder for budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet. Veilederen bygger på rammene og prinsippene i gjeldende lov og forskrift, og vi anmoder om at Bokn kommune for framtiden innretter seg i tråd med veiledningen.

Dersom noe skulle være uklart i framstillingen ovenfor, eller at det er behov for hjelp i forbindelse med konkretisering og gjennomføring av tilrådte tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til tjeneste.

Med vennlig hilsen
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.15	9/15
Kommunestyret	16.06.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

RAPPORT – SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSARK AS

Vedlegg: Rapport – «Selskapskontroll- Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS»
utarbeida av Deloitte AS (*egget hofte*) -

Bakgrunn

Karmøy kontrollutval valde i sitt møte 11.06.14, sak 15/14 ovannemnte prosjekt og vedtok å invitere dei andre eigarkommunane til å delta i prosjektet. Alle dei andre seks kontrollutvala har seinare takka ja til å vere med. Kostnadene er fordelt på dei sju kommunane etter eigardel.

Bokn kontrollutval godkjente prosjektplanen i møtet 04.09.14, sak 25/14, kor ramma og tidsplan for revisjonen blei fastlagd. Ramma blei sett til 380 timar, kor Bokn sin del utgjør 4 timar. Selskapet med dotterselskap er blant de prioriterte selskap i Plan for selskapskontroll 2012-2016.

Mandat

Hovudformålet med selskapskontrollen var å undersøke og vurdere om Haugaland Kraft AS og dotterselskapet Haugaland Næringspark AS har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

Problemstillinger

Følgjande problemstillingar blei ønska undersøkt:

1. *I hvilken grad har eierkommunene utarbeidet eierstrategier eller andre føringer for Haugaland Kraft?*
2. *Hvordan samhandler eierkommunene når det gjelder eierstyring og oppfølging av Haugaland Kraft?*
3. *Hvordan er styrerepresentantene valgt og i hvilken grad er det stilt bestemte krav til kvalifikasjoner o.l.?*
4. *Hvordan blir eierkommunene informert om driften og utviklingen i selskapet og dotterselskapet?*

5. *Er det en tydelig rolle- og ansvarsfordeling mellom eiere, styret og selskapets daglige ledelse i Haugaland Kraft og i Haugaland Næringspark?*
6. *I hvilken grad blir krav, retningslinjer og anbefalinger fra eierne og KS fulgt opp av Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark?*
- a. *Driver selskapene i samsvar med vedtektene og sentrale krav/føringer fra eierkommunene?*
 - b. *Følger selskapene opp sentrale anbefalinger fra KS?*

7. *I hvilken grad har Haugaland Kraft etablert en tilfredsstillende styring av datterselskapet Haugaland Næringspark?*

I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark etablert system og rutiner for å sikre at selskapet driver i samsvar med sentrale bestemmelser i aksjeloven?

- a. *I hvilken grad gjennomfører selskapene generalforsamlinger i samsvar med bestemmelser i aksjeloven?*
 - b. *I hvilken grad utøver selskapsstyrene sitt tilsynsansvar i samsvar med bestemmelser i aksjeloven?*
8. *I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark system og rutiner som bidrar til å sikre en økonomisk forsvarlig drift av selskapet?*
- a. *I hvilken grad har selskapene etablert rutiner for utarbeidelse og oppfølging av budsjetter?*
 - b. *I hvilken grad gjennomfører selskapene risikovurderinger i forbindelse med større investeringer?*
 - c. *I hvilken grad har selskapene etablert rutiner for utarbeidelse og oppfølging av budsjett i større prosjekter?*
Har selskapene hatt en økonomisk utvikling i samsvar med eierne sine uttrykte forventninger?

9. *I hvilken grad har selskapene etablert retningslinjer for innkjøp?*

10. *I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugland Næringspark etablert retningslinjer som bidrar til å sikre etisk atferd og å unngå økonomiske misligheter?*

- a. *Hva omfatter selskapenes etiske retningslinjer og hvordan er disse gjort kjent blant de ansatte?*

- b. I hvilken grad blir det gjennomført risikovurderinger knyttet til faren for økonomiske misligheter?*
- c. I hvilken grad er det etablert rutiner og kontroller knyttet til å forhindre og eventuelt avdekke økonomiske misligheter?*
- d. Er det etablert rutiner for varsling og hvordan er eventuelt disse gjort kjent blant de ansatte?*

11. I hvilken grad har Haugaland Kraft etablert retningslinjer når det gjelder kjøp av eierdeler i andre selskap og hvordan blir eventuelt disse etterlevd?

- a. I hvilken grad blir det gjennomført risikovurderinger knyttet til kjøp av eierdeler i andre selskaper?*
- b. I hvilken grad blir eierkommunene involvert ved kjøp av eierdeler i andre selskaper?*
- c. I hvilken grad sikrer Haugaland Kraft at selskap som en har eierdeler i har retningslinjer som bidrar til å sikre etisk atferd og å unngå økonomiske misligheter?*

12. I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark etablert retningslinjer knyttet til sponsing, og i hvilken grad blir disse etterlevd?

13. I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark system og rutiner som bidrar til å ivareta systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid (HMS) i samsvar med bestemmelser internkontrollforskriften?

14. I hvilken grad har selskapet gjennomført ROS analyse og utarbeidet en beredskapsplan i samsvar med beredskapsforskriften?

- a. I hvilken grad er avvik som ble avdekket i NVE (Norges Vassdrags- og Energidirektorat) sitt tilsyn av Haugaland Kraft i mars 2014 blitt fulgt opp av selskapet? (Tilsynet var knyttet til krav i energiloven, energilovforskriften og beredskapsforskriften)*

Metodar som er nytta er dokumentanalyse og intervjuar, jf. rapporten kap. 2.

Revisjonskriterier for selskapskontrollen er i hovudsak henta frå tilrådingane frå KS om eigarstyring, aksjelova, Internkontrollforskrifta og lov om offentlege anskaffingar. Utfyllande revisjonskriterier er omtalt i vedlegg 2 i rapporten.

Rapporten

Med dette som utgangspunkt har Deloitte gjennomført prosjektet. Rapporten gjer eit godt bilete av selskapet si drift og belyser nærare dei ulike problemstillingane. Rapporten er verifisert og uttala er innarbeida i rapporten. Endeleg rapport blei oversendt sekretariatet 06.03.15.

Basert på revisjonen sine observasjonar og vurderingar i forbindelse med selskapskontrollen, tilrår revisjonen at Haugaland Kraft iverksett følgjande tiltak:

- 1. Øker kvinneandelen i styret i Haugaland Næringspark slik at dette tilfredsstiller kravene i aksjeloven.***
- 2. Bidrar til at det gjennomføres dokumentert styreevaluering i henhold til styreinstruksen.***
- 3. Utarbeider rutiner som beskriver hvordan selskapets bestemmelser om habilitet skal praktisere, slik at kravene i forvaltningsloven og aksjeloven blir ivaretatt.***
- 4. Bidrar til at det enkelte styremedlem registrerer sitt styreverv i KS styreregister.***
- 5. Gjennomfører en strukturert og helhetlig risikovurdering knyttet til økonomiske misligheter.***
- 6. Utarbeide veiledning for styremedlemmer som representerer Haugaland Kraft i andre selskapsstyrer.***

Basert på revisjonen sine observasjonar og vurderingar i forbindelse med selskapskontrollen, anbefaler revisjonen at eigarkommunane iverksett følgjande tiltak:

- 1. Stille krav om at rapportering fra selskapet inneholder opplysninger som gjør det mulig for eierkommunene å følge opp at KS sine anbefalinger til god eierstyring etterleves.***
- 2. Endrer § 7 i vedtektene slik at de blir i tråd med aksjelovens § 6.1, hvor det framgår at styret i selskaper uten bedriftsforsamling, alltid selv skal velge sin leder.***

Sekretariatet viser til samandraget i innleiinga og revisor si vurdering i rapporten kapittel 4. Ut i frå desse vurderingane har revisor i kapittel 5 komme fram til framlegg til dei tiltak som er gjengjeve ovanfor. For meir detaljer visast det til sjølve rapporten.

I følgje revisjonsforskrifta § 8 skal både styret og dagleg leiar gjeve høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei forhold som kjem fram i rapporten og deira syn skal også gå fram av rapporten.

Haugaland Kraft har hatt rapporten til verifisering og høyring og har gjeve tilbakemelding, også på vegne av Haugaland Næringspark. Tilbakemeldinga inneheldt nokre presiseringar og tillegg til rapporten si datadel, og desse er innarbeida i den endelege rapporten.

Tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft gav ikkje grunnlag til å gjere endringar i revisjonen sine vurderingar, men det ble gjort nokre mindre justeringar i framlegg til tiltak. Haugaland Kraft blei 04.03.15 informert om justeringane revisjonen hadde gjort, og bekrefte pr e-post same dag at justeringane var dekkande i forhold til selskapet si tilbakemelding.

Konklusjon

Resultatet etter selskapskontrollen viser at selskapet og eigarkommunane har noke forbettringspoensiale, i og med at undersøkinga avdekker enkelte svakheiter og forbettringsområde. Sekretariatet vil på den bakgrunn anbefale at kontrollutvalet ber kommunestyret vedta at revisjonen sine tilrådingar blir følgt opp av selskapet og kommunane.

Sekretariatet vil vidare tilrå at det vert sett ein frist der kommunestyret via kontrollutvalet får tilbakemelding på status for oppfølging av rapporten.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport/selskapskontroll skal systematisk vert følgt opp for å sikre at selskapet sett i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/svakheiter og kontrollutvalet bør sørge for at kommunestyret sine vedtekte merknader til rapporten vert følgd opp. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

I følge rundskriv H-02/06 skal kontrollutvalet innstille direkte til kommunestyret i forbindelse med handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport og selskapskontroller.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Bokn kommunestyre tar Deloitte sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS» til orientering.
2. Rapporten vert oversendt rådmannen, representantskapet og selskapet sitt styre og leiinga for vidare oppfølging av rapportens sine tilrådingar.
3. Det vert gjeve tilbakemelding til eigarkommunane sine kommunestyre via kontrollutvala om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

Aksdal, 21.05.15



Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.15	10/15
Kommunestyret	16.06.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REVISJONSTENESTER 2016-2020 – KONKURRANSEGRUNNLAG

Vedlegg: Utkast til konkurransegrunnlag - kjøp av revisjonstenester (blir ettersendt)
(Unnateke offentliggjøring i medhald av offentleglova § 5, jf. anskaffelsesloven § 1 - Likebehandling)

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 14.10.14, sak 29/14 kontrollutvalet si innstilling:

Boknl kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet deloitte AS om levering av revisjonsteneste til Bokn kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Kommunen kan velje anten å ha revisjon i eigenregi (eigen revisor eller revisjon i samarbeid med andre kommunar) eller å kjøpe revisjonstenester frå eit privat selskap. Det er kommunestyret, som, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha, jf. Koml. § 78 nr. 3. Kommunestyret kan ikkje delegere dette ansvaret.

Sekretariatet arbeider nå, i samarbeid med innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, med å utarbeide eit anbudsdokument. Eit utkast vil bli sendt ut i eigen sending. Konkurransgrunnlaget er unnateke offentliggjøring i medhald av Offentleglova § 5, jf. lov om offentlege anskaffingar § 1. Grunngevinga for å utsetje offentliggjøringa av dokumentet er å sikre likebehandling av tilbydarane. Dette gjer ein ved at alle tilbydarane får tilgang til opplysningane i dokumentet samstundes. Sidan dokumentet har utsett offentliggjøring bør møtet lukkast etter kommuneloven § 31, 5. i den grad kontrollutvalet ønskjer å få nærare informasjon om innhaldet, og eventuelt drøfte sider ved dokumentet.

Generelt om innkjøp

Innkjøp av revisjonstenester fell inn under reglane om offentlege innkjøp og reglar som følgjer av EØS-avtalen. Reglane sett krav til kva prosedyre ein må følgje, avhengig av kor stor kontrakt det er tale om. Etter nasjonale reglar må ein utlyse anbuds konkurranse når verdien på kontrakten er meir enn kr 500.000,-. Når verdien på kontrakten overstig kr 1,6 mill. kr, krev EØS-avtalen at anbudet må kunngjerast i heile EØS-området, noko som vil vere tilfelle med denne kontrakten.

Når ein skal rekne ut kor stor kontrakten er i forhold til desse reglane, må ein sjå alle åra kontrakten gjeld under eit. Det inneber at ein må summere opp kjøpa for dei åra som kontrakten skal gjelde, til dømes 4 år + 2 års opsjon.

Vurdering

Anbudskonkurransen vert foreslått gjennomført som open anbuds konkurranse utan forhandlingar. Sist anbudsrunder i desember 2011 og våren 2012 blei den gjennomført som open anbuds konkurranse med forhandlingar. Den gang køyrte sekretariatet anbudsprosessen for 7 kommunar (Sveio, Tysvær, Vindafjord, Etne, Sauda, Bokn og Utsira) mot 4 tilbydarar.

Haugesund og Karmøy hadde sin anbuds konkurranse sommaren 2011 utan forhandlingar. Det same hadde Suldal, som ønskte sin anbuds konkurranse hausten 2011 utan å vente på ei avklaring om mogleg fusjon mellom Indre Hordaland kommunerevisjon og Haugaland kommunerevisjon. Då det ikkje blei noko av fusjon, vedtok dei andre kommunestyra, etter innstilling få kontrollutvala, å konkurranseutsette revisjonstenestene.

Dei to utvalsleiarane som møtte til forhandlingane den 08.02.11, samt revisjonsselskapa uttrykte at dei var nøgd med at dei kunne gje ein personleg presentasjon av kva selskapa kunne tilby av tenester og kompetanse. Det vart sett av ca. 10 minutt til kvar kommune, men kvart selskap fekk då ca. 1,5 time til sin presentasjon. Alt var dokumentert i skriftleg materiale. Tilbydarane fekk tilbod om å komme med nytt pristilbod til neste dag. Alle 4 tilbydarane kome med nytt tilbod. Midlertidig må ein tenke at innlevert pris blir sett avhengig av type anbod som vert lyst ut. Det er også svært krevjande å administrere forhandlingar mellom 10 kontrollutval/kommunar og fleire tilbydarar. Det er også noko usikkert blant dei innkjøpskyndige om det er lovleg til å nytte denne type anbod.

Konkurransegrunnlaget sist gong blei delt i tre delar. Første del omfatta kva slags kvalifikasjonskrav kommunen stiller til dei som skulle levere inn anbod. Dei viktigaste krava som vart stilt var krav til autorisasjon som revisor, samt at firma som skulle levere inn anbod måtte ha dei tekniske, økonomiske og faglege kvalifikasjonane som er naudsynt for å kunne revidere kommunen sine rekneskap.

Tildelingskriterier

Det blei lagt opp til å velje den leverandøren som hadde *det økonomisk mest fordelaktige tilbodet*. For å skilje leverandørane frå kvarandre blei det i 2011 sett opp følgjande tildelingskriterier:

- ✓ pris (55 %)
- ✓ løysning og forståing for oppdraget (35 %)
- ✓ referansar (10 %)

Andre kommunar har sett andre tildelingskriterier. Klepp kontrollutval/kommune som hadde sitt konkurransegrunnlag våren 2014 sette følgjande:

- ✓ pris (40 %)
- ✓ kompetanse/erfaring til teamet for rekneskapsrevisjon (30 %)
- ✓ kompetanse/erfaring til teamet for forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (30 %),

mens Time kontrollutval/kommune sette hausten 2014 følgjande kriterier:

- ✓ pris (70 %)
- ✓ oppgåveløysing (30 %)

Ved evaluering av tilboda fekk den tilbydar som leverte dei mest gunstige vilkåra toppscore 10 poeng og tilsvarende vektingsprosent for dei respektive kriteria. Øvrige tilbydarar blei vekta relativt i høve til beste tilbydar i kvar av kriteria. Ved evaluering av pris fekk lågaste pris 10 poeng. Dei andre tilboda fekk poeng tilsvarende denne etter følgjande formel: $10 - (\text{aktuell pris} - \text{lågast pris}) \times 100 / \text{aktuell pris} \times 10 / 100$.

Den tilbydar som totalt sett oppnådde høgast poengsum, vart sett på som *den økonomisk mest fordelaktige tilbydar* og blei tildelt kontrakt.

Rogaland kontrollutvalgssekretariat har opplyst at det viste seg at det var vanskeleg å vekte tilbyderane/selskapa, da dei alle ville kunne løyse oppgåvene på ein god måte. Ved utveljinga av beste tilbod var det **pris** som var det kriteriet som til sjuande og sist var det som skilte mellom tilboda.

Sekretariatet vil med dette som bakgrunn tilrå følgjande kriterier:

- ✓ pris (60 %)
- ✓ oppgåveløysing/forståing av oppdraget/kompetanse/erfaring (40 %)

Tilbudet

Det var vidare i 2012 lagt opp til at det skal gjevast ein **fast pris** på rekneskapsrevisjonen med tilhøyrande attestasjonar, inkludert attestasjon av krav om momskompensasjon. Prisen skulle óg inkludere oppmøte i kontrollutvalet og kommunestyret, jf. kravspesifikasjon.

For forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og granskingar skulle det gjevast ein **timepris** som skulle vere fast i anbodsperioden innanfor ei stipulert timeramme. Denne timeramma sette utvalet sjølv.

I årleg forvaltningsrevisjon krev, alt etter kor kompleks oppdraget er, eit timeforbruk på frå 150 -200 timar. Det har vore praksis for å legge til grunn ein forvaltningsrevisjon ca anna kvart år. Etter § 9 i forskrift skal kontrollutvalet sjå til at kommunen årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon

Dei siste åra har det vore lagt inn ca. 70 timar til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet har rett til å sette i gong prosjekt som samla inneber mindre eller fleire timar enn det som er skissert i konkurransegrunnlaget.

I fylgje budsjettet for 2015 er det sett av kr 165.000,- til kjøp av revisjonstenester. Føreset ein same nivå i åra som kjem, vil kontrakten ha ein total verdi på om lag **1 mill. kr**. Utlysinga skjer ved at anbodsdokumentet vert lagt ut på innkjøpsdatabasane Doffin (nasjonal innkjøpsdatabase). Når anbodsdokumentet er lagt ut, vert dokumentet automatisk offentleg.

Kjøpet må gjerast gjennom ein open anbodskonkurranse og då tar det normalt 40 dagar frå anbodet er lagt ut i EØS-området til tilbodsfristen går ut og sekretariatet mottar anbud.

Frå Hordaland fylkeskommune sitt kontrollutvalssekretariatet, som har etter kvart mykje erfaring med arbeid knytte til å lyse ut revisjonstenester på anbud, tilrår dei konsekvent 4 års avtaler med 2 års opsjon. Det blir vist til at det er så arbeidskrevjande heile anbodsprosessen og at det heller ikkje er enkelt for kommunane å skifte revisor for ofte. Vidare kjørar dei berre med open anbodskonkurranse (utan forhandlingar), då kjøpet/oppdraget ikkje reknast som spesielt komplisert å beskrive og difor kan komme i denne kategori med forhandlingar.

Sekretariatet har også drøfta saka og den vidare prosessen for gjennomføring av ein anbodskonkurranse med økonomisjefar og innkjøpsansvarlege i eit par av kommunane. Dersom utvalet vel å konkurranseutsetje tenestene bør utvalsleiar få fullmakt til å godkjenne det endelege konkurransegrunnlaget.

Framdriftsplan

Sekretariatet planlegg at kontrollutvalet får sak om val av revisor i fyrste møte i haust og at kontrollutvalet si innstilling vert lagt fram for kommunestyret sitt møte i november. Dette vert gjort under føresetnad av at kjøp av tenestene blir konkurranseutsett og utlyst i juni 2015. Dersom Bokn kommune ynskjer å vurdere ei anna revisjonsordning bør kommunestyret fatte vedtak om dette så snart som råd er.

Uansett skal det skrivast kontrakt med det aktuelle selskap og selskapa skal kunne få tid til å omstille seg til endra kontraktar frå og med juli 2016.

Då det i kommunelova er fastsett at det er kommunestyret *sjølv* som vel revisor, vil det seie at det vert lagt opp til samordna utlysing for alle kommunane innan sekretariatet sitt ansvarsområde med særskilte konkurransegrunnlag for kvar kommune og den vidare handsaminga.

Kommunereform

Sekretariatet kan ikkje sjå at kommande kommunereform vil ha innverknad for avtaleperioden, då det i det i noverande kommunestyrevedtak ikkje verker som det vert lagt opp til frivillige samanslåingar innan juni 2016. Vedtatt prosess legg opp at rådmannen sin utgreiing skal ut på høyring seinast 1. mars og innstilling vere klar mai 2016. Det inneber at Suldal kommune og kommunane på Haugalandet sitt vedtak vil vere klar innan 01.07.16.

Våren 2017 legg regjeringa fram forslag til Stortinget om ny kommunestruktur i Noreg. Etter regjeringa sin skisserte framdrift, vil ny kommunestruktur gjelde tidligast frå 01.01.19 og seinast 01.01.20. I konkurransegrunnlaget og kontrakten vil ein ta atterhald for eventuelle endringar i kommunestruktur i avtaleperioden. Det vil bli gjort framlegg om 4 års avtaleperiode og 2 års opsjon, dvs. at kommunane har rett til å forlengje avtalen fram til 31.06.22.

Interkommunalt samarbeid

Kommunen har også moglegheit for å delta i et interkommunalt samarbeid. Det vil seie å bli deltakar og eigar i Rogaland Revisjon IKS. Kommunen vil på den måten ha dette selskapet som fast revisor. Utvalet bør drøfte dette i møtet og eventuelt komme med innstilling til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner dette alternativet er beste val for kommunen.

I 2011 då framtidig organisering av revisjonstenestene frå 2012 blei handsama fekk sekretariatet følgjande svar frå Rogaland Revisjon IKS ved revisjonsdirektør Cisel T. Aarrestad på ei henvending på om det er aktuelt for dei å ta opp fleire deltakarkommunar i samarbeidet:

Styret for Rogaland Revisjon IKS har som ledd i sin strategiutvikling stilt seg positiv til opptak av nye deltakerkommuner, hvorav spesielt våre nabokommuner anses som

naturlige samarbeidspartnere. Representantskapet i Rogaland revisjon IKS er også kjent med dette og bifaller ordningen.

Opptak av nye deltakere er en omfattende prosess i et interkommunalt selskap med endringer av selskapsavtalen og særskilt vedtak i hvert kommunestyre, jfr. lov om interkommunale selskap, heretter kalt IKS-loven § 4 og vår selskapsavtale av 31.12.05.

Ved opptak av nye deltakere kan det tenkes en utvidelse av ansvarskapitalen eller en endring av eierandel til deltakerne med den eksisterende kapitalen. De økonomiske realiteter rundt inntreden må avklares nærmere før en kan ta stilling til dette.

Rogaland Revisjon IKS har fylkeskommune og 16 kommunar som deltakarar. Formål og ansvarsområde for selskapet er å utføre lovpålagte revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne og de kan utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre. Informasjonen om Rogaland Revisjon IKS er henta frå deira heimeside www.rogland-revisjon.no – der finn ein meir utfyllande informasjon om selskapet.

Suldal kontrollutval og Suldal kommunestyre ønskte i haust då «opsjonssaka» blei fremma, å forlengja avtalen med Rogaland Revisjon IKS. Dette kan ikkje gjerast då det etter forskrift om offentlege anskaffingar vil det bli rekna som ein ulovleg direkteanskaffing å forlengja kontrakten. Sekretariatet la då fram i saka om konkurransegrunnlag også fram eit alternativ om revisjon i eigen regi.

Kontrollutvalet handsama saka i møtet 29.04.15 og kontrollutvalet si innstilling blei samrøystes vedteken av kommunestyret 19.05.15, sak 37/15:

Suldal kommunestyre ønskjer å inngå som eigar/deltakar i interkommunalt samarbeid om revisjonstenester. Kommunen søker om deltaking i Rogaland Revisjon IKS og bli ein del av eigarkommunane så snart det lar seg praktisk løysa. Selskapet blir dermed kommunen sin faste revisor.

Karmøy kontrollutval vedtok i møte 20.05.15 at saka skulle leggst fram kommunestyret i neste møte 17. juni som sak, ikkje berre som orienteringssak, men deira innstilling gjekk på kjøp av revisjonstjenester gjennom konkurranseutsetting i løpet av 2015 slik som dei andre kommunane på Haugalandet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval ber sekretariatet sette i gang arbeidet med å få lagt ut anbod for kjøp av revisjonstenester i Doffin.no før sommaren 2015 og sak om val av ny revisor for perioden 2016-2020 vert lagt fram hausten 2015.

Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å godkjenne endeleg konkurransegrunnlag.

Saka vert sendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 21.05.15

Toril Hallsjø
Urvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	28.05.15	11/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2015

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen **årleg** bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å setje i bestilling i 2015, slik at revisor kan utarbeide eit utkast til prosjektmandat.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon tingast med bakgrunn i vedteken Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2016 blei vedteken av Bokn kommunestyre i møte 18.12.12, sak 42/12. Følgjande prosjekt er tatt inn i planen:

1. **Økonomisk sosialhjelp** (gjennomført i 2013)
 - **Samhandlingsreforma** (gjennomført i 2014 – rapport 2015)
 - **Barnevern**
 - **Pasient- og brukarrettar innan helse/omsorg**
 - **Handtering av sjukefråveret**

Fyrste prosjekt blei gjennomført i 2013 og lagd fram for kontrollutvalet i november og kommunestyret 17.12.13, sak 42/13. Andre prosjekt blei gjennomført i 2014 og rapport ligg no føre i 2015.

Dei andre prosjekta er ikkje sett opp i prioritert rekkjefølgje. Utvalet er gjeve fullmakt til å gjere endringar undervegs i perioden dersom føresetnadene skulle endre seg.

Utvalet drøfta val av nytt prosjekt i 2015 i møtet 20.11.14 som ekstrasak 23/14. I protokollen er følgjande protokollert:

Deloitte vil levere rapport om Samhandlingsreforma i desember. Den vil bli lagt fram for utvalet i neste møte. I dei andre kontrollutvala har dei no valt tema for nytt prosjekt, og utkast til prosjektmandat vil ligge føre til drøfting til neste møte.

Utvalet drøfta dei ulike tema/område for prosjekt i vedtatt plan. På bakgrunn av rådmannen si budsjettorientering var utvalet samd i at «barnevern» var et svært aktuelt tema. Ein revisjon her bør sjåast i ljøs av ei tilsvarende revisjon i Karmøy kommune. Utvalet ville avvente dette til Karmøy kontrollutval har valt prosjekt i møte 26.11.14, men dersom så, ønskte dei prosjektmandat til neste møte.

Leiar meinte PPT og spes.ped.tiltak også var eit aktuelt tema. Rådmannen viste til det interkommunale samarbeidet «Haugalandløftet» og han foreslo at seksjonssjef skule og oppvekst kom i neste møte og orienterte utvalet, før eit eventuelt val eller bestilling av prosjekt. Utvalet støtta dette.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.14:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Barnevern" til fyrste møte i 2015, dersom Karmøy kommune også vel dette som prosjekt.

Bokn kontrollutval ønskjer at seksjonssjef skule- og oppvekst kjem og orienterer om prestasjonsnivået i Bokn i forhold til andre samanliknbare kommunar og bruken av PPT-midlar i neste møte på nyåret 2015.

Karmøy kontrollutval valde i møtet 26.11.14 et prosjekt om PPT og spesialpedagogiske tiltak. I møtet 28.01.15 valde utvalet å utsette sak om val av nytt prosjekt til neste møte 17.03.15.

Handsaming og vedtak i kontrollutvalet 26.02.15:

Utvalet drøfta ulike tema, men var usikker og meinte dei trengte meir tid til å finne det rette prosjektet. Utvalet blei samd i å utsette saka til neste møte. Samrøystes vedtak:

Bokn kontrollutval utset val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste møte.

Karmøy kontrollutval bad Deloitte utarbeidet to prosjektmandat til møtet sitt i mai. Dei to skulle omhandle barneverntenesten og legetenesten. I møtet 20.05.15, sak 19715 vedtok dei å tinge rapport om barneverntenesten i Karmøy kommune. Rapport vil ikkje vere klar før ut i oktober.

Barnevernprosjektet

Det blei foreslått at formålet med prosjektet vil vere å undersøke om barneverntenesten i Karmøy kommune etterlever sentrale krav til saksbehandling av meldingar, undersøking og hjelpetiltak. De vil spesielt sjå på om barneverntenesten har etablert et tilstrekkelig system for internkontroll (herunder avvikssystem), om krav til barns medverking blir ivaretatt og om barneverntenesten samhandlar godt med andre instansar i kommunen som har ansvar for barn og unge.

Med bakgrunn i formålet med prosjektet er det formulert følgjande problemstillingar (underliggende spørsmål er ikkje tatt med her, men går fram i plan):

- 1. I hvilken grad har barneverntjenesten etablert tilstrekkelig system for internkontroll?*
- 2. Etterlever barneverntjenesten sentrale rettsregler som gjelder for saksbehandling av meldinger, undersøkelser og hjelpetiltak?*
- 3. I hvilken grad har kommunen etablert system og rutiner som sikrer barns medvirkning?*
- 4. Har barneverntjenesten tilfredsstillende samarbeid med andre tjenester i kommunen?*

Andre konkrete prosjekter kan også veljast ut frå:

- opplysningar kome fram under regnskapsrevisjon,
- saker som har vore handsama i kommunestyre og kontrollutval,
- administrasjonens uttalte ønske og behov,
- erfaringar frå tilsvarande forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgivarar,
- forhold som har vært framme i media, nasjonalt eller lokalt,
- tilsyn utført av fylkesmannen eller anna tilsynsorgan.

Oppslag rundt om i landet om mislighald og uetisk framferd har ført til at mange kontrollutval har ønska å sette søkelys på korleis kommunen arbeider med dette, både generelt og innan meir spesifikke tema. Det blir derfor gjennomført prosjekter innan blant anna:

- etikk og risikostyring - retningslinjer og oppfølging
- innkjøp

Vidare er mange utval merksame når det gjeld tenestetilbodet til spesielt utsette grupper i kommunane. Det gjennomførast prosjekter innan bl.a.:

- avlastning,
- rusvern,
- spesialundervisning.

Det kan settast søkelys på korleis kommunen møter sine innbyggjarar, og korleis brukarane sjølv opplever tilbodet. Normalt er brukarperspektivet inkludert i alle analyser, men det kan nemnes noen typiske eksemplar som:

- kvalitet i skulesektoren,
- innspel frå innbyggjarane,
- kvalitet og produktivitet i byggesaker,
- utbyggingsområde,
- sjølvkost.

Utvalet kan velje å setje i verk revisjon på andre område enn dei som er inkludert i analysen, t.d. fordi risikotilhøva i kommunen har endra seg.

Utvalet bør no ta et val. Utkast til prosjektmandat vil i då kunne bli handsama på neste møte i haust, slik at endeleg bestilling kan bli gjort.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet til neste møte.

Aksdal, 21.05.15



Toril Hallsjø
Utvalssekretær